Førsteblad

1

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 11.

Fylke: Nordland

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Hattfjelldal

Emne: Ymse attåtfor

Bygdelag: Rösvatnet

Oppskr. av: Are Tustervatn

Gard: Tustervatn

(adresse): Hattfjelldal

G.nr. 68 Br.nr. 2.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Etter andre sine röynsler.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):
Jakob Kvallbukt f. 17/4-1858 på Kvallbukt ved Rösvatn Kårmann.

SVAR

1. Ymse attåtfor.

A. 1. Ein sankar ikkje röter til husdyra no.
Ka tid ein slutta med det, veit ein ikkje visst. Men det har ikkje vore gjort mykje av det i gamal tid heller.
Stundom hende det at dei tok röter og bar til husdyra når det ikkje fanst noko på marka åt dei om våråne.

2. Kveke er det ikkje ved Rösvatnet, så slike röter kunne ein ikkje ta.

3. Derimot tok ein röter av "krypsoleie og högmolkyne og av "bua".

4. Dei vart borne heim i bytter og

5. vart fora opp straks.

6. Dei tundde det måtte vera bra for då kyrne åt dei så godt.

B. Bregner.

1-6. Bregneröter vart ikkje sanka, heller ikkje i naudår.
Derimot kunne ein om sommaren - för anna gras var vakse - slå blada av ormetelg, ismslagne og skogbuskne

3264

og törka det til fôr.

II Tang og tare finst ikkje ved Rösvatnet og har derfor ikkje kome på tale.

III. Heller ikkje har det vore nytta fôr av andre plantar, så som erteris, krapalauv og rognebar.

IV. Hestemök.

1. Hestemök var nytta fôr den förre verdskrigen, förste åra av 1900. Det var berre i naudår det vart nytta.
2-3. Det hende vel at kyrne åt hestemök ublanda med litt mjöl på, men det vanlege var at dei blanda han med agner og höyfrö og lauv og koka han saman. „Koka" nemner ein at det verkeleg vart koka.

V. Söyrefor.

1. Det vert mindre brukt å koka söyre av agner og „molle" no enn för. „Molle" er ugrasfrö av vassarve og linbendel.
2. Det var ofte dei bruka bløyte til kyrne för i tida. Dei slo kokande vatn over höyet som dei hadde i eit „holke" (kar). Dessutan kunne dei og slå kokande vatn over agner og höyfrö når dei tykte det var for arbeidsamt å koka det.

Kyrne fekk helst söyre og bløyte 1 veke etter at dei hadde kalva for at dei skulle mjölka så mykje meir

3264
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

II.

enn når dei fekk berre tört for.

3. Söypa og blöyta kunne vera både varm og kald. Det beste var å gje dei det når det var kolna så mykje at det var „lydt": (lukska)

4-5.-6. Rognebær, drank og mask vart ikkje nytta. Drank og mask fanst ikkje her og finst ikkje enno ved Rösvatnet. Derimot var her nögda med rognebær, men dette vart ikkje nytta. Det er visst somme i dei seinste åra som har sanka litt rognebær til hönse, men det er svært lite av det.

7. Zån ein koka log på kvannestilk, höyfrö og potetstilkar som var törka. På kvannestilkar er det somme som samlar den dag i dag og törkar og gjöymer dei til kyrne kalvar. Så slår dei kokande vatn på kvannestilkane og ein to-tre nevar med mjöl oppå, og så let dei kua som nyss har fött kalven få drikka dette. Dei held kvanna for å vera svært gjæv som medisin.

VI. Fiskeavfall vert ikkje brukt anna enn det ein får av fisken ein brukar til husbruk, av di ein sit så langt frå havet. Men det avfallet som vert får kröttera.

3264

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING